

Postmottaket

Fra: formannskapskontoret [formannskapskontor@hol.kommune.no]
Sendt: 10. desember 2003 10:06
Til: Postmottaket
Emne: Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført



F-sak 0175-03.doc

Landbruksdepartementet.

2003-2997	150
2003 ASR/	BS
T.N	486

Som filvedlegg oversendes Hol kommunes uttale til nevnte sak.

Med hilsen

Hol kommune
Steinar Hammersbøen
formannskapssekretær

HOL KOMMUNE
Sentraladministrasjonen
Formannskapskontoret

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Arkivkode
V

Vår ref.
03/03205 - SHA

Deres ref.

Dato
09.12.2003

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØRING PÅ UTKAST TIL
FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESEIELLE MILJØTILTAK I
LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKUDD I SKOGBRUKET**

Fra møtet i Formannskapet den 08.12.2003, saksnr 0175/03.

Det underrettes herved om at det er fattet følgende vedtak:

Hol formannskap har ingen merknad til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Hol formannskap har disse merknadene til forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

- det er sterkt ynskjeleg at ordet skogplanting og såing vert fjerna i siste setning under § 2-1 i forskrifta og at det er den enkelte kommune som får ta stilling til kva tiltak som skal vere tilskotsberettiga,

siste setning i punkt § 5 – 1 bør gå ut.

Utskrift av møtebok for Hol formannskap sak nr. 0175/03 følger som vedlegg.

Med hilsen

Olav H. Teigen
rådmann

Steinar Hammersbøen
formannskapssekretær

Kopi til: Næringsavdelingen v/saksbehandler.

Hol kommune

SAMLET SAKSFREMSTILLING

MØTEBOK

Saknr.
0175/03
Arkivsaksnr.:
03/03205
Arkivkode: V

Saksbehandler: Sigurd Dahle

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
0175/03	Formannskapet	08.12.2003

HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKUDD I SKOGBRUKET

Saka avgjøres av:

Landbr.dept.

Vedlegg:

Utkast til forskrift datert 28.10.03
Forvaltningen av landbrukspolitiske virkemidler – innfasing av de kommunale virkemidlene

Dokument i saka:

28.10.03: Utkast til forskrift datert 28.10.03
04.07.03: Forvaltningen av landbrukspolitiske virkemidler – innfasing av de kommunale virkemidlene
26.09.03: Forvaltning av skogmidlene m v i 2004- Overføring av vedtaksmyndighet til kommunene
22.09.03: Formannskapsak 134/03, Landbr.dept. Overføring av myndighet til kommunen

Saksopplysninger:

I september i år var det høyring på forslag til nye bestemmelser om overføring av myndighet og ny forskrift om saksbehandlig i kommunen, formannskapsak 134/03.

Siktemålet med forskrifta er at den skal vere meir formålsorientert enn slik ordningane er i dag. Forskrifta hjemlar også at søkjarar med tilknytning til landbrukseigedom som ikkje har rett på produksjonstilskot kan motta spesielle tilskot.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket

Endringa gjer at ulike tiltak som saman verkar positivt inn på miljøet, no kan samordnast med større effekt. Kommunen får meir ansvar og innverknad på kva tiltak

som er samfunns-gangleg å framheve i Hol. Ordninga med spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap, STILK, kom i gang 1991. Hol har ligge langt framme med antall saker og omfang av tiltak etter denne ordninga. I starten var tilskot til verneverdige bygningar og tilskot til tiltak i kulturlandskapet to adskilte ordningar. Så vart dei samordna. No ved nyttår 1.1.04 skal fleire miljøtilskot samordnast. Det er ein fordel og skulle vere grunnlag for ein større idèrikdom med å finne gode tiltak. Tilskotssatsane som kommunen må holde seg innafor er ikkje redusert i høve til dagens ordning.

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

I samband med handsaminga av St. meld. Nr 1 – nye oppgåver for lokaldemokratiet vedtok Stortinget at ei rekke oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføring gjeld m.a. dei økonomiske verkemidla innfor nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Kommunen vil få tildelt ei disposjonsramme som med bakgrunn i ein fleirårig tilskotstrategi som kommunen utarbeider. Bruken av midlane skal forvaltest med grunnlag i forskrift som no er ute på høyring og forskrift om skogbruksplanlegging som skal ut på høyring til hausten.

Forhold til overordna plan:

Ved årets jordbruksoppgjør vart det vedtatt å innføre eit nasjonalt miljøprogram fra 2004 og regionale (fylkesvise) miljøprogram fra 2005. Målsettinga med dei planene er å få meir målretta miljøarbeid i landbruket og meir synleg miljøinnsatsen i landbruket.

Miljøkonsekvenser:

Til fordel for det samla miljøet i landbruket som også almenta får dra nytte av.

Økonomiske konsekvenser:

Kommunen får større innverknad på kva dei statlege miljømidlane i landbruket vert brukt til.

Vurdering:

Forskrifta opnar for ei breiare satsing på miljøtiltak i landbruket med kommunal og regional styring.

Utkast til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak gir kommunen stor friheit til å prioritere mellom dei ulike tiltaka, fastsetja tilskotssatsar og gje nærare kriteriar for tildeling samt eventuelle vilkår. Det vert lagt opp til at kommunane skal ha handlingsrom og sjølv kunne legge opp til lokaltilpassa verkemiddelbruk.

§ 2-1

Gjeld tilskot til skogkultur : For å stimulere til oppbygging av kvalitetskog kan det gjevast tilskot til skogkultur og andre kvalitetsfremmande tiltak.

I siste setning er ordlyden: Det kan ikkje gjevast tilskot til skogplanting, såing.....

Ut frå det som er nevnt i første avsnitt, om handlingsrom til kommunane og lokale tilpasningar i bruken av midlane, samt målet med tilskot til skogkultur for oppbygging av kvalitetskog, er det naturleg at den enkelte kommune sjølv får høve til å ta vurderinga om det bør gjevast tilskot til det enkelte tiltak innanfor skogkultur. Kostnadseffektiv bruk av midlane ligg i botn for prioritering mellom dei ulike tiltaka.

Resultatkontroll syner nedslåande resultat i kommunen der opp mot 50 % av kontrollert areal ikkje er forynga etter hogst. Forynging er eit langsiktig tiltak der investeringa er låst i 100- 150 år før midlane kan frigjerast og det bør vere åpning i forskrifta til å prioritere tilskot til foryngingstiltak dersom dette er viktig lokalt. Kva type foryngstiltak som vert stimulert økonomisk, enten det er markberedning, planting eller suppleringsplanting er underordna målet om oppbygging av kvalitetsskog. Det er derfor sterkt ynskjeleg at ordet skogplanting og såing vert fjerna i siste setning under § 2-1 i forskrifta og at den enkelte kommune tek stilling til kva tiltak som skal vere tilskotsberettiga.

§ 3- 1 og 3- 2

Det er positivt at det er åpna opp igjen for at det kan gjevast tilskot til bygging av nye vegar i forskrifta. Det er også bra at vilkår om godkjenning frå kommunen også omfattar godkjenning etter plan- og bygningslova i den nye forskrifta.

§ 5- 1

I utkast til forskrift er det ikkje høve til å gje tilskot til taubanedrift. På dei skogareala der taubanedrift er den beste driftstekniske, økonomiske og miljømessige løysninga i staden for vegbygging, bør kommunen kunne ta stilling til om tilskot skal gjevast eller ikkje. Siste setning i punkt § 5- 1 bør derfor gå ut.

Forskrifta er i hovudsak utforma slik at kommunen har gode forutsetningar og handlingsrom til å tilpasse den økonomiske verkemiddelbruken til måla for landbrukspolitikken i kommunen og dei tiltaksstrategiane som blir utarbeida. Dei punkta som detaljregulerer enkelte tiltak innanfor skogbruket bør utgå. Den enkelte kommune bør sjølv kunne ta ansvaret for å sikre ein lokaltilpassa og kostnadseffektiv bruk av midlane.

Rådmannens innstilling:

Hol formannskap har ingen merknad til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Hol formannskap har desse merknadene til forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

- det er sterkt ynskjeleg at ordet skogplanting og såing vert fjerna i siste setning under § 2-1 i forskrifta og at det er den enkelte kommune som får ta stilling til kva tiltak som skal vere tilskotsberettiga,
- siste setning i punkt § 5 – 1 bør gå ut,

Formannskapet behandlet saken den 08.12.2003, saksnr. 0175/03

Behandling:

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Hol formannskap har ingen merknad til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Hol formannskap har disse merknadene til forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

- det er sterkt ynskjeleg at ordet skogplanting og såing vert fjerna i siste setning under § 2-1 i forskrifta og at det er den enkelte kommune som får ta stilling til kva tiltak som skal vere tilskotsberettiga, siste setning i punkt § 5 – 1 bør gå ut.
-